

MELDING
om
FISKERIBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 69

Navnet på vatnet Valavatnet
Kommune Hjelmeland

Feltarbeidet, vidare arbeid med
materialet og skriving av meld-
inga er utført av Rogaland Skog-
selskap ved E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med
Konsulenten for ferskvannsfiske i
Vest-Norge, herr Øivind Vasshaug.

V a l a v a t n e t .

Vatnet ligg i Hjelmeland kommune, sør-aust for Byrkjeheii og nord for Valaheii, eller ca. 1,0 km nord-aust for garden Erland og 441 m.o.h.

Største lengde ca. 1 500 m og største bredde ca. 350 m med eit areal på omlag 38 ha.

Vatnet er stort sett grunt frå stranda og utover, men ein må anta det er ganske djupt midt utover utan at djupna er målt.

Stranda består for ein del av sand og grus, men og ein del steinstrand der grunnfjellet fleire stader stoyter like til vatnet.

Ut mot djupet vil ein finna jørme- og mudderbotn.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmebras og algevegetasjon er å finna på stranda og ut mot djupet. Elles er der fleire stader langs land ein til dels kraftig sivvokster.

Nedslagsfeltet femner om snaufjell, vassjuk mark og myr. Her veks spredt bjørkeskjog med roslyng, tyttebær- og blåbærlyng, krekling, blokkebarris, einer, vier m.v. som undervegetasjon. Dette er alle mindre kravfulle planter.

Bergartene ser ut til å være glimmerskifer, fyllitt, gneiss og granitt.

Hovudtilsiget kjem frå Svart-tjonna i aust og elles frå div. bekketilsig omkring vatnet.

Avlaupet renn ut i sør og går om Riskedalsvatnet ut i sjøen ved Årdal.

Dei kjemiske tilhova.

Siktetdjupet er 6,0 m og fargen på vatnet er brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er 5,7 som reknast å vera godt brukbart for aure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 2,3 mg/l og den totale hardheita 5,7 mg/l. Vatnet må såleis karatiserast som kalkfattig.

Leiingsemna $K_{18} = 21 \cdot 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{cm}^2 \text{-1}$.

Gjennomstrocyminga er medels til liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprover på 2,0, 5,0 og 10,0 m djup og ein kom fram til følgjande resultat.

På 2,0 m vart det funne 10 stk. fjærmygglarver, 3 stk. fåborstemark og 3 stk. vårfuglarver - tilsvarende 160 individ pr. m^2 .

5,0 meteren gav som resultat 1 stk. fjærmygglarve, 1 stk. vannmidd og 1 stk. rundorm - i alt 30 individ pr. m^2 .

På 10,0 meteren fann ein ikkje liv i det heile.

Samla resultat syner særslig lite botndyr.

For å få greie på kva fisken eigentlig ernærer seg med tok ein mageprover av fire fiskar og her vart funne planktoniske krepsdyr, fjærmyggupper, vårfuglarver, linsekreps, tovinger og maur.

Av desse var de planktoniske kropsdyra i dominans.


Planktonprøver.

Ved hjelp av planktonhov tok ein både horisontale og vertikale plankontrekk og resultatet: Ca. 50,0 m hor. trekk, medels rikt med *Holopedium gibberum* (indikerar liten leiingsemne) og hoppekreps. 10,0 m vert. trekk, medels rikt av dei same artene.

Fisk.


Fiskesлага utgjer aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 41 surar som deler seg slik på omfara:



Det vart teke prøver av 25 fiskar og av desse var 5 stk. røde, 14 stk. lys-røde og 6 stk. kvite i fiskekjøttet. 19 stk. var hannfisk og 7 stk. hofisk - ei noko skeiv kjønnsfordeling utan at ein treng leggja større vekt på dette. 6 stk. av fiskane var svakt angripne av bændelorm. Medelfyllingsgrad 2,5. Medelvekta for heile fangsten (41 fiskar) ligg på 106,1 gram og meddellengda 21,94 cm.

Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framstilling sjå slik ut.



Ser vi på medeltilveksten og den årlege lengdetilveksten for fisken i Valavatnet vil dette gi fram av oppstillinga nedanfor.

Alder ved vinter.

	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.8	10.8	15.9	19.3	21.0	22.1
Årleg medeltilvekst i cm	4.8	6.0	5.1	3.4	1.7	1.1
Antall fiskar	25	25	25	23	14	5


Medel kondisjonsfaktor 0.98 tilsvarar fisk av medels til god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Valavatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr år) vil denne sjå ut som vist på neste side.

Som ein vil sjå, har fisken i Valavatnet ein normal tilvekst inntil 3 årsalderen, men her stagnerar veksten noko og kryssar normalkurven mellom 3 og 4 år. Om tilstanden var god i vatnet, skulle kurven for Valavatnet kryssa normalkurven først ved 5-6 års alder og dette ville gitt ein helt annan fiskekvalitet.

Vanlegvis vil ein få ein vekststagnasjon i samband med

kjønnsmogning og gyting, så det kan vera denne som gjer seg gjeldane etter 3 års alder då fisken etter fiskeskjemaet har sitt første gyteår ved denne alderen.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriseraast som næringsfattig. Kalkinnhaldet er lite, bottendyr er her særslite og vegetasjonen i og omkring vatnet er mindre kravfull. Bergartene er stort sett hårde (sure) og forvitrar seint slik at det er lite med næringsstoff som blir tilført vatnet gjennom tilsiga.

Fisken syner likevel ein relativt bra kondisjon, men dette kjem av at det stort sett berre var småfisk som vart fanga og denne har som regel alltid ein hogare K-faktor enn større fisk. Det var også tilfelle her. Døi få litt større fiskane vi fekk hadde K-faktor ca. 0.85 som tilsvavarar særslite mager fisk, men desse blir borte i medelet.

Omfarfordelinga syner at 70% av fiskane vart tekne på omf. 32 og dette fortel at det er småfisk som fullstendig dominar vatnet.

Ut frå cm-klassenndelinga kan vi sjå at praktisk talt alle fiskane vi fekk ligg jamt mellom 19 og 25 cm.

Vekstkurven syner ein normal tilvekst dei 3 første åra, men

her sta nerar veksten og gir grunnlag for eit sm vakse bestand. Om tilh va hadde vore gode i vatnet, skulle kurven for Valavatnet kryssa normalkurven f rst ved 5-6  rs alder og det ville gitt ein helt annan fiskekvalitet.

Alt tyder s leis p  at vatnet inneheld eit altfor stort fiskebestand i hove til n ringsf rr det som vatnet byd p . Det ein m  arbeide mot er   f  fiskebestanden til   st  i eit rimeleg hove til n ringsf rr det, og greier en det vil resten koma av seg sk jolv.

Gytetilh va er gode i bekken fr  Svart-tj nna og m  vel rekna som hovudgytebekken, men der er og gytetilh ve andre stader. Dette forer til nye  rganger av yngel og sm fisk inn i vatnet kvart  r og blir ikkje denne  rlege tilveksten hausta vil det gi seg utslag i vekststagnasjon og kvalitetsf rr ringing. Ein m  rekne med at tilh vavil bli heller d rlegare og d rlegare  r for  r framover om ein ikkje grip inn med regulerande tiltak.

Praktiske tiltak.

Den mest tiltalande m ten   gripe inn p , og som sikkert og vil ha stor verknad, er   fange fisken p  gytebekken om hausten. Ein vil dermed f  bort gytefisken og vidare den  rgangen med yngel som ville kome fr  denne.

Gytebekken fr  Svart-tj nna ligg lageleg til; s  ved   demme opp litt p  sidene her p  ein lagleg stad, og dermed leie vatnet inn i eit laup vil fisken vera nødt for   g  inn her. Ein plaserar s  ei ruse i laupet og slik at denne st r med  pningen mot vatnet og dekker heile laupet. All gytefisk vil n  havna i rusa som m  tomast minst ein gong kvar veke.

I tillegg til dette m  ein drive eit hardt fiske i  ra framover og d  med sm maska garn.

Desse tiltaka bor setjast ut i livet allereie n  i  r og drivast 3-4  r framover. Vi kan s  ta eit nytt provefiske for   sj  verknaden av tiltaket.

P  litt lengere sikt trur eg Valavatnet kan bli eit bra fiskevatn, men det krev interesse,rett reiskap og tid av dei som st ller med vatnet.

Stavanger 12/2 1970

Einar Berg